

Forslag til lovtekst

Forskrift om adgang til jakt etter elg, hjort, rådyr og bever, minsteareal og fellingsavgift, Nord-Fron kommune, Innlandet

Heimel: Fastsett av Nord-Fron kommunestyre xx.xx.xxxx med heimel i Lov 29.05.1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt (viltlova) § 16, Forskrift 08.01.2016 nr. 12 om forvaltning av hjortevilt § 5 og § 6, Forskrift 26.04.2017 nr. 519 om forvaltning av bever § 3 og Forskrift 15.05.2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6.

Forskrifta er heimla i viltlova inntil Lov 20.06.2025 nr. 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressurslova) trer i kraft 01.07.2026. Frå iverksetjing av viltressurslova gjeld forskrifta med heimel i denne lova.

§ 1. Det er adgang til jakt etter elg, hjort, rådyr og bever i Nord-Fron kommune.

§ 2. Minsteareal for godkjenning av vald og fellingsløyve for elg, hjort og rådyr, samt fordelingsgrunnlag for godkjenning av vald og fellingsløyve for bever er som oppgitt i tabellen:

Heile eller delar av kommunen	Elg: Minsteareal i daa	Hjort: Minsteareal i daa	Rådyr: Minsteareal i daa	Bever: Fordelingsgrunnlag
Heile	3 000	3 000	1 000	Teljande vasslengde 10 km

§ 3. Fellingsavgift for elg og hjort

Fellingsavgift for elg og hjort skal fastsetjast til maksimal sats i samsvar med statlege føresegner. Satsane skal til ei kvar tid vere i tråd med dei rammene som er vedtekne av Stortinget gjennom årlege budsjettvedtak.

§ 4. Denne forskrift trer i kraft same dato som den blir kunngjort i Norsk Lovtidend. Frå same tid opphevast lokal forskrift 19.09.2017 nr. 1535 om adgang til jakt etter elg, hjort, rådyr og bever, Nord-Fron kommune, Oppland.